

## Protokoll

### Årsmøtet i Bibliotekarforbundet Sogn og Fjordane 24. mars 2015

Stad: Høgskulen i Sogn og Fjordane, Førde

Til stades: Erling Bergan, Ingrid Dræge, Sigrid Gjelsvik, Sindre Hovland Søreide, Gyri Tolaas

#### 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Begge vart godkjende utan merknader.

#### 2. Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under protokollen

Gyri Tolaas vart vald til skrivar. Ho gjekk før møtet var ferdig. Dei to andre funksjonane vart ingen valt til.

#### 3. Årsmelding 2014

Leiar i fylkeslaget, Sindre Hovland Søreide, refererte frå årsmeldinga, som han ikkje hadde med seg. Årsmeldinga vart godkjent.

#### 4. Rekneskap

Kasserer Susanne Daae-Qvale sende inn til årsmøtet at rekneskapen for 2014 er sendt til revisor. Rekneskapen er revidert jf. revisjonsmeldinga som vart lagt fram på årsmøtet. Susanne melde også frå om at vår bankkonto er avslutta og overført til BF sentralt den 23.12.2014, jf. retningslinene frå BF sentralt (som ho la ved e-posten). Sindre gjekk gjennom dei nye retningslinene:

**Retningslinjer for fylkeslagenes økonomi**, vedtekne av forbundsstyret i desember 2014. Retningslinene inneber at BF sentralt tek seg av all rekneskapsføring i framtida.

#### 5. Virkeplan og budsjett

Den føreslegne virkeplanen vart noko endra. Følgjande punkt vart tilføydd:

*Ta initiativ til at bokbåten i Sogn og Fjordane kan gjenoppstå, viss den økonomiske situasjonen endrar seg, til dømes om det kjem ein støtteordning for mobile bibliotektenester.*

#### 6. Innkome saker

Det var ingen innkomne saker.

#### 7. Val

##### Framlegg frå valnemnda:

Styremedlem: Sindre Hovland Søreide, ikkje på val

Styremedlem: Gyri Tolaas, Eid bibliotek, ikkje på val

Styremedlem: Anne Siri Fardal Bruteig, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2 år (ny)

1. vara: Ingrid Dræge, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, 2 år (ny)
2. vara: Kari Johanna Yttri, Sogndal bibliotek, 2 år (ny)

Leiar:

Valnemnda lukkast ikkje med å finne ny leiar, deira framlegg var difor såkalla «flat struktur», ei løysing som er mogeleg etter vedtektene, jf. forbundsleiar Margunn Haugland. Flat struktur vart likevel forlate på årsmøtet, og Sindre Hovland Søreide held fram som leiar.

Framlegget til valnemnda vart elles vedteke.

Revisor:

Val av revisor vart fjerna frå vedtektene sin §12 på landsmøtet hausten 2014 då den nye ordninga for fylkeslaga sin økonomi vart vedteken.

BF sentralt tek seg av alt som har med økonomi og rekneskap.

Framlegget til valnemnda vart vedteke.

Valnemnd:

Gry Hatlelid og Sigrid Gjelsvik  
vara: Erling Bergan

Godkjenning av møtebok:

Stad,      Dato